

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 15. oktober 2013.

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Erik Skjervagen, Hilde Alice Vågslid, Arne Vinje, Halvor Homme, Jon Svartdal, Hans Bakke, Brit Houge, Sverre Sæter, Per Dehli, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg var Lise Wiik frå Telemark fylkeskommune tilstades som vara for fylkesordførar Terje Riis Johansen.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 38/2013 Referat frå rådsmøte 27. august.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til referat frå rådsmøtet 27. august 2013.

Sak 39/2013 Regional plan for samordna areal og transport.

Aslaug Norendal frå Telemark fylkeskommune var tilstades og orienterte nærare om prosessen rundt areal- og transportplanen.

Det er halde regionale møte i Bø og Vrådal, som har resultert i gode innspel til planen.

Høyringsrunden blir noko utsett, slik at denne fyrst kjem i januar 2014.

Samrøystes vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 40/2013 Søknad til Post- og teletilsynet om midlar til vidare utbygging av breiband og mobil.

Det låg føre brev frå Vest-Telemark Næringsutvikling med forslag til prosjekt gjeldande midlar til vidare utbygging av breiband og mobildekning. Prosjektet inneber at Vest-Telemarkrådet står som formell søkjar til midlane, medan VTNU skal gjennomføre prosjektet. Vest-Telemarkrådet skal ikkje bidra med finansiering.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner forslaget til arbeids- og ansvarsdeling for prosjektet slik det er føreslege i brevet frå Vest-Telemark Næringsutvikling datert 7. oktober 2013.

Samrøystes vedtak.

Sak 41/2013 Jobbavis - rollemodell. Orientering om prosjektet "MIMIR- mine moglegheiter i regionen" v/Kerstin Laue

Seniorrådgjevar Kerstin Laue frå NHO Telemark orienterte om prosjektet og fortalte nærare om erfaringane med jobbavis ved ungdomsskulen i Kviteseid.

Skulen var på møtet representert ved Bjørg Kyrkjebø Staaland, som kunne vise til svært god erfaring med prosjektet. Likeeins var nærings sjef Elisabeth Lid frå Kviteseid kommune tilstades og orienterte om arbeidet med jobbavisa i kommunen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa om jobbavis/rollemodell til vitande.

Prosjektforslaget "MIMIR - mine moglegheiter i regionen" vert å legge fram til endeleg handsaming i rådsmøtet i november.

Sak 42/2013 Det framtidige tenestetilbodet ved sjukehusa i Telemark.

Det låg føre e-post av 27. september 2013 frå Sykehuset Telemark HF med orientering om plan for det framtidige tenestetilbodet ved sjukehusa i Telemark. Det er presentert 3 modellar som skal opp til endeleg styrehandsaming i mars 2014.

Framtidig tenestetilbod og sjukehusstruktur er ei stor og viktig sak for heile Telemark, og rådmennene har fått nærare informasjon om saken i eit nyleg møte med direktøren for Sykehuset Telemark.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil invitere direktør Bess Frøyshov i Sykehuset Telemark til møtet i Tinget 3. desember for å få nærare orientering om saken.

Sak 43/2013 Justering av budsjett 2013 for Vest-Telemarkrådet

Det låg føre forslag til justert budsjett 2013 for Vest-Telemarkrådet. Administrasjonen orienterte nærare om budsjettforslaget og viste mellom anna til at 2013 er eit overgangsår i høve til den nye organsieringa.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til justert budsjett for 2013. Samrøystes vedtak.

Sak 44/2013 Forslag til opplegg/kostnadsoverslag for markering av 20-årsjubiléum VTR.

Med utgangspunkt i at jubiléet skal markerast i samband med Vest-Telemarkkonferansen 6. februar 2014, er ein avhengig av å planlegge desse arrangementa samtidig.

Det låg derfor føre forslag om å utsette saken til neste rådsmøte.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til tidlegare vedtak omkring opplegg og kostnadsoverslag for jubiléumsmarkeringa, og utset saken til rådsmøtet 26. november.

Sak 45/2013 Forslag til møtekalender 2014.

Det låg føre forslag til møtekalender tilpassa dei krav som fylgjer av fristane i kommuneloven. Under handsaminga av saken kom det fram ynskje om nærare drøfting i den enkelte kommune rundt vekedagar/møtedatoar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet utset saken til rådsmøtet 26. november.

Sak 46/2013 Forslag til sakliste for møte i Vest-Telemarktinget 3. desember.

Det låg føre forslag til sakliste med merknader til dei ulike sakene.

Det vart sett fram forslag om å handsame sak rundt arbeidsintegrering i rådsmøtet

26. november og heller sette opp ei nærare orientering om det framtidige sjukehusstilbodet som sak i Tinget.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste for møte i Vest-Telemarktinget 3. desember med fylgjande endring: Temaet arbeidsintegrering under sak 19 vert flutt til rådsmøtet 26. november og erstatta av sak omkring det framtidige sjukehusstilbodet.

Herunder orientering ved administrerende direktør Bess Frøyshov.

Sak 47/2013 Pilegrimssenter Røldal - søknad om støtte.

Det låg føre søknad frå Odda kommune om støtte for å få realisert eit nasjonalt pilegrimssenter i Røldal.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser eit mogleg pilegrimssenter som eit viktig kulturhistorisk lyft med betydning også for vår region. Ein vil gjerne stø opp under denne satsinga i form av verbal støtte i dei fora som måtte vera aktuelle for realisering av prosjektet.

Når det gjeld økonomisk stønad er situasjonen at Vest-Telemarkrådet ikkje har budsjett for å kunne imøtekomme slike søknader og såleis ikkje er aktuell søkje-instans.

Samrøystes vedtak.

Sak 48/2013 Orienteringssaker.Vest-Telemark Blad 40 år.*Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil markere Vest-Telemark Blad sitt 40-årsjubiléum 16. november med ei gave.*Landbruks- og matmelding for Telemark. Høyring.

Det låg føre høyringsbrev frå Telemark fylkeskommune i samband med forslag til Landbruks- og matmelding for Telemark.

Arne Vinje orienterte nærare om saken. Han uttrykte glede i høve til fylkets engasjement og opplyste at meldinga vil vera eit nyttig dokument innafor landbrukspolitikken.

Lise Wiik understreka at dette er ei politisk bestilling der ein ynskjer velkomen forslag til konkrete tiltak.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil gje uttale i saken. Administrasjonen lagar utkast til uttale som vert sendt ordførarane for godkjenning. Uttalefrist er 21. oktober.

Strategi for kultur og kulturarv, høyring

Telemark fylkeskommune har utarbeidd forslag til strategi for kultur og kulturarv med høyringsfrist 13. oktober. Regionråda er ikkje formelle høyringsinstansar i saken, og høyringa er såleis kome til Rådets kunnskap noko tilfeldig.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet utarbeider ikkje høyringsuttale i samband med forslag til strategi for kultur og kulturarv, og legg til grunn at uttaler kjem frå den enkelte kommune.

Søknad om tilskot til kunstbok.

Det låg føre søknad frå Telemark Kunstnersenter om tilskot på kr 10 000,- til kunstbok frå Telemark. Vest-Telemarkrådet har ikkje budsjett for å kunne imøtekomme økonomiske søknader, og er såleis ikkje aktuell søkje-instans.

Vest-Telemarkrådet gjev administrasjonen fullmakt til å avslå tilsvarande søknader i framtida, og desse vert å legge fram som referatsaker.

Vedtak: Søknaden vert å avslå med grunngjeving som oppgjeve ovanfor.

Politistrukturen.

Den nyleg framlagte politianalyse inneheld forslag om å redusere antal tenestestader frå 354 til 203, samt reduksjon i antal politidistrikt frå 27 til 6. For Vest-Telemark inneber forslaget at 4 av dagens 6 lensmannskontor vert nedlagt.

Vedtak: Med utgangspunkt i politianalyse ynskjer ein å invitere politimeisteren i Telemark og ein representant for "det motsette synet" til eit seinare møte i Vest-Telemarkrådet.

Flytting av novembermøtet i Vest-Telemarkrådet

Vedtak: Grunna møtekollisjon vert det oppsette rådsmøtet 19. november flytta til 26. november.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes